



Saksutgreiling

Arkivreferanse: 2023/677-2

Saksbehandlar: Erling Dagsgard

Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
2023/7		Delegert saker

Endra søknader om dyrkjingsjord ved Nordseter

Godkjenning av plan om nydyrkning.

Saksutgreiling

Vi viser til dykkar vending til Lom kommune om uttale og godkjenning av nye dyrkjingsplanar ved Nordsetra ved Tesse. Det er 4 søkjrar som har søkt om jord til dyrking, dei har alle søkt om inntil 50 daa. Felta er teikna inn på kart i målestokk 1:5000 og 1:10000. Rundskriv M-19/97 og § 4 i forskrift om nydyrkning, krev at før nydyrkning blir sett i gang, skal søknad om godkjenning av dyrkjingsplan sendast til kommunen. Viktigaste formålet med forskrifta er at omsyn til natur- og kulturlandskap blir teke vare på i samband med dyrkjings-prosjektet. I tillegg kjem ynskje om å sikre driftsmessige gode løysingar for vedkomande bruk og at forureining av det ytre miljøet ikkje skjer. Det skal også etter §5 i same forskrift vurderast etter jordlova sin § 1 , om det er ynskjeleg å styrke driftsgrunnlaget til driftseininga. Det er delegert til kommunedirektøren å godkjenne planar for nydyrkning.

Parsellane:

Parsellane er som nemnt ca. 50 daa, vi handsama desse som ei sak da ikkje er heilt klart kven som skal dyrke kva for parsell og det er mykje felles ved parsellane. Eine parsellen ligg ovanfor Kleppdalsvegen og er delt i 2 av setervegen til Havyrju. Denne er lagt ut som dyrkjingsparsell tidlegare. Andre parsellen ligg på nedsida av Kleppdalsvegen mot Nordsetrane. Dei 2 siste ligg opp for Osvegen mot Langmyra. Arealet er stort sett snaufjellareal med noko glissen skog nedanfor Kleppdalsvegen. Det er ikkje registrert djup myr på arealet.

Vurdering av søknaden:

Nydyrkning er regulert med ei eiga forskrift om nydyrkning

Heimla [LOV-1995-05-12-23-§3](#), [LOV-1995-05-12-23-§11](#), [FOR-1995-05-12-413](#)

Retta 06.08.2009 (§ 6)

Nydyrkning er peika på som ein av fleire måtar vi kan nå det nasjonale målet om å auke norsk matproduksjon på.

Konsekvensutgreiing

Ved dyrking av så stort samla areal skal kommunen vurdere om det er naudsynt med konsekvensutgreiing av areala som skal dyrkast jf. § 6 i nydyrkingsforskrifta.

Det er gjort fleire synfaringar i området med mellom anna Norsk landbruksrådgjeving, fjellstyre og Statskog. Vidare har arealet vore til vurdering hjå statsforvaltaren i innlandet og fylkeskommunen i Innlandet. Arealet som vart sendt til høyring hjå desse var dobbelt så stort som nå og areala som kunne vært sårbar er drege ut. Det er registrert jernutvinningsgropar i nærområde, men det er god sikkerheitsmargin til desse i planen. Vidare er det observasjon av jordugle i 2013 og ein myrhauk i 2019. Dette var enkeltindivid og ikkje hekking. Skogen som er i området er vernskog, skogbruksjefen var på synfaring der da dei større planane vart utreda. Ut i frå ei totalvurdering fann kommunen ut at det kan dispenser frå vernskogbestemmingane i dette tilfelle. Skogen som nå evt. må hoggast er eit mykje mindre areal en ved første dyrkingsplan. Vi meiner med dette at det er ikkje naudsynt med nærare konsekvensutgreiing utover dette.

1. Om gardane og drifta til sokjarane

- Brimi Søre gnr. 10 bnr. 1. Produksjonen på bruket er mjølkeproduksjon med ei grunnkvote på 198 000 l. På bruket har dei i 2023, 33 mjøkekryr og 160 ungdyr. Arealet på Brimi Søre er 104 daa dyrka jord og 32 daa beite. I tillegg leiger brukaren 52 daa dyrka jord og 20 daa beite. Brukar må kjøpe mellom 300 og 400 rundballar i året. Brimi Søre har dyrkingsjord og seter ved Tesse, og søker om å få tildelt inntil 50 daa dyrkingsareal.
- Granrud gnr. 16 bnr. 13. Produksjonen på bruket er mjølkeproduksjon med grunnkvote på 128 613 liter. Bruket har i 2023, 22 kyr og 30 ungdyr. Arealet er 130 daa dyrka jord. Det meste av denne jorda er på setra ved Tesse, der dei driv med tradisjonell seterdrift. Dei kjøper ca. 200 rundballar i året. Brukar søker om inntil 50 daa dyrkingsjord.
- Søre Ekle gnr. 9 bnr. 2. Produksjonen på bruket er sauehald med ca. 100 vinterfora sau i 2023. Brukarane har planar om å auke sauehaldet til 140 vinterfora sau, da driftsbygninga er berekna for det. Søre Ekle har 92 daa dyrka/overflatedyrka jord og 18 daa beite. 38 daa av dette er på dyrkingsfelt ved Havyrju, og 6 dekar dyrka jord er på Eklesetra. Søre Ekle vil sleppe 400-500 sau om på fjellbeite sommaren når dei kjem opp i 140 vinterfora sau. Dei reknar med å måtte kjøpe ca. 70 rundballar i året ved full produksjon. Bruket har behov for meir innmarksareal spesielt før beiteslepp og etter sinking.
- Frisvold søre gnr. 7 bnr. 1. Produksjon på bruket er mjølkeproduksjon med ei grunnkvote på 329 000 l. I 2023 er det 44 mjøkekryr og 60 ungdyr på bruket. Dei disponerer 363 daa dyrka jord og 37 daa beite. Frisvold kjøper ein god del rundballar i tillegg til eige for.

2. Tilkomst til dyrkingsfeltet og evt. grøfting

Tilkomst til dyrkingsfelta skjer for det meste etter seterveg, og litt etter R 15.

3. Driftsmessige forhold og - økonomiske forhold kring nydyrkninga

Nydyrkninga sikrar brukar større areal for grovfordyrking. Eksisterande vatningsanlegg kan nyttast på 2 av nydyrkingsfelta. Det kan forventast ei avling om lag 600 kg tørrstoff per daa dyrka jord. Å dyrke jord i dag er kostbart, men ser ein dette nokre år framover vil ein kunne forsvare kostnadane. Ein sikrar også tilgangen på eige for og blir mindre sårbar. Ein bør likevel vurdere bruken av Langmyra i denne samanheng. Det er nok betydeleg rimelegare å få til denne som fullverdig dyrka areal, en å starte nybryting av nytt areal. Ein tanke kunne kanskje være å sette i stand Langmyra og heller legge til nytt innmarksbeiteareal inntil denne.

4. I følgje § 7 i Naturmangfaldslova skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsipp som går fram av Naturmangfaldlova § 8–12:

§ 8 - kunnskapsgrunnlaget: På bakgrunn av kunnskapsinnsamling i samband med synfaringar av dyrkingsparsellane, er kunnskapsgrunnlaget for området godt.

§ 9 - føre-var prinsippet: Det er ikkje sannsynleg at tiltaka det her er søkt om vil medføre risiko for irreversibel skade på naturmangfaldet.

§ 10 - samla belasting for økosystemet: Samla belastning i området blir ikkje vurdert som skadeleg for økosystemet.

§ 11 – kostnader ved miljøskade: Eventuelle skader på natur og miljø må erstattast av tiltakshavar.

§ 12 - miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering: Det er ikkje kjente driftsmetodar eller teknikkar som gjer at ein kan gjennomføre tiltak på ein betre måte. Skal ein dyrke her, må ein bruke gravemaskin.

Natur- og kulturlandskap (landskapsbiletet, mangfold i naturen og kulturminne)

Det er mykje dyrka areal i områda i setergrenda i nærleiken av der dyrkingsfelta ligg, og det er mykje beitedyr der i sommarhalvåret. Ved Tesse er det fleire aktive setrar med mjølkeleveranse. På dyrkingsfelta er det ikkje bygningar eller kjente kulturminne. Det aktuelle prosjektet er med og stadfester bruken av området og vil så langt vi kan sjå, ikkje redusere natur- og kulturlandskapsverdiane i området.

5. Miljømessige forhold

Det er ikkje nokon større risiko for forureining ved denne dyrkinga. Det er heller ikkje registrert noko verdifulle areal, plantar, insekt, fuglar eller dyr som er stadfaste på arealet.

6. Plan til høyring

Planen blir ikkje lagt ut til høyring fordi vi ikkje vurderer prosjektet til å ha negative verknadar på natur- og kulturlandskap eller komme i konflikt med andre interesser i samband med drifta av arealet.

7. Vilkår for dyrkinga:

1. Steinen blir lagt på tilvist plass eller senka.
2. Dersom det i samband med tiltak ved dyrkinga blir funne automatisk freda kulturminne som ikkje er kjent, skal arbeidet straks stoppast dersom det kjem i konfliktmed kulturminna eller sikringssona rundt dei, som er 5 meter, jfr. lov om kulturminne § 8 og 6. Melding skal så snart som råd sendast kulturminnemyndet i Innlandet fylkeskommune, slik at vernemyndet kan gjennomføre synfaring og avklare om tiltaket kan gjennomførast og eventuelt vilkår for dette.

8. Frist for gjennomføringa

Dersom tiltaket ikkje er sett i gang innan tre år etter at løyvinga er gjeven, fell løyvet til dyrking bort. Dyrkinga må væra ferdig innan 5 år elles fall løyvet bort. Vilkåra gjeld parsellvis.

Kommunedirektøren sit vedtak:

Dyrkingsplanen blir godkjent under dei føresetnadane som er nemnt i saka